



Operasjonssentralen for politiet i Hordaland fekk natt til i dag melding frå ein innringjar om mogeleg båtpromille i Uskedalen.

Innringjaren hadde grunn til å tru at ein båt som hadde gått ut frå Uskedalen hadde fleire med promille ombord.

Politiet fekk ikkje sjekka saka då det var uvisssti kva retning båten hadde køyrt.

Lensmann Jan L.Fosse nyttar høvet til å komma med ei oppmoding om å vise aktsemd til sjøs. Ikkje minst peikar han på kor viktig det er å nytta flyteutstyr.

Mykje tyder også på at mange ikkje kjenner til kva reglar som gjeld under ferdsel tilsjøs. Politiet har fått endel klager på båtpromille i den seinare tid og også i Kvinnherad har det hendt at båtar har gått på land.

På biletet over er politibåten i Hordaland ved kai i Uskedalen for stutt tid sidan. I dette tilfellet galdt besøket ikkje noko lovbrøt.

Foto: Ola Matti Mathisen.